

Møtereferat

Dato: 05.10.2015

Emne:	Oppsummering av skulebesøk. Slåtthaug videregående skole .1.10.2015	
Til stades:	Rektor Liv Rønning, avd.leiarar Thora Stendal, Terje Rasmussen, Ruth Jensen, Ole-Johan Berge, lærarrepr. Sveinung Dalland og Oddvin Årdalsbakke, repr. miljøgruppa Jan Fredrik Oddekalv, elevrepr. Adrian Olsen og Iselin Carlsen. Frå opplæringsavdelinga deltok regionsleiar Annbjørg Laupsa, seksjonsleiar Linda Farestveit og seniorrådgivar Marianne Haaland	
Forfall:		Sak: 2015/1090-98
Møtetid:	8.30 – 12.00	Møtestad: Slåtthaug vgs

Møteleiar: Annbjørg Laupsa

Referent: Marianne Haaland

Punkt A: Rektor Liv Rønning ønske velkommen og presenterte deltakarane.

Regionsleiar Annbjørg Laupsa hadde ei kort innleiing der ho gikk kort gjennom føremålet med møtet og skulebesøket som eit ledd i kvalitetssystemet for opplæringa i Hordaland.

Punkt B: Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområde

1. Slåtthaug videregående skole valde å presentere «Endring av skoletiden og innføring av midttime en dag i uken» presentert av rektor Liv Rønning

Skulen har utvida skuletida til 8.00-16.00 med unntak av måndagar der elevane møter 9.45. Skulen har midttime kvar onsdag der elevane får tilbod om ulike aktivitetar. Målet er at aktivitetane skal vere elevstyrte. Lærarane nyttar tida til faglege møte. Elevane er godt nøgde med seinare start måndagar, fleire elevar møter opp. Ikkje alle elevane nyttar tida fram til kl. 16.00, men mange vurderer det som lettare å bli ut over dagen. Skulen sluttar tidlegare på fredagane.

Ei årsak til utviding av skuletida er å lage pausar mellom skuletimane. Tiltaket er sett på som ei investering i trivsel på skulen og dermed auke gjennomføringa. Samtidig får lærarane betre tid til utviklingsarbeid, dei har møteplikt i midttimen og legg møteaktivitetar her.

I haust har skulen hatt elevseminar der temaet var «Hva er en god skole», m.a. knytt til opplæringslova § 9.A. Seminaret var svært vellukka.

Skulen jobbar med tilbodet i kantina, dei vurderer kosten som viktig i miljøringsamheng. Elevane klaga på prisen, mange vel å kjøpe mat i butikken, den er billigare. Skulen vurderer å innføre skulefrukost for elevane. Forskinga har ikkje funne samheng mellom skulefrukost og læringsresultat, men ein finn ofte samheng mellom ro/konsentrasjon i klassen og frukosttilbod. Miljøgruppa støttar tiltaket.

Skulen har planar om å innføre temabasert meny i kantina etter mønster frå Olsvikåsen vgs.

Slåtthaug har i det heile sterkt fokus på skulemiljøet, jfr. oppretting av miljøgruppa frå forrige skuleår. Dei har eit langsiktig perspektiv på arbeidet og er opptekne av involvering av alle elevar. Dei har sterk tru på samanheng skulemiljø, trivsel og læring.

2. «Skulen sitt arbeid med digital kompetanse og pedagogisk bruk av IKT» presentert av IKT-ansvarleg Thora Stendal

Temaet var vald ut i samarbeid med seksjon skule ut frå prioritering av dette området i utviklingsplanen.

Skulen har oppretta faggruppe med ansvar for IKT-utviklinga. Satsinga i dette skuleåret går på styrking av bruk av ulike verktøy. Alle skal bruke Google samskriving. I tillegg skal det takast i bruk fagspesifikke verktøy. Skulen arrangerer eit felles møte kvar månad, men det kan vere ei utfordring å få alle til å prioritere. Framleis er det lærarar som ser det som vanskeleg å ta i bruk IKT som pedagogisk verktøy. Det er også utfordringar blant elevane, ikkje alle er like kompetente.

Skulen tilbyr digital skulestartpakke, 1 time ved skulestart, med ei innføring i bruk av digital plattform. Ikkje alle elevane er like nøgde med auka digital bruk, nokre ønskjer også å kunne skrive manuelt, får hodepine av for mykje PC-bruk.

Skulen følgjer opp krav om digital grunnkompetanse, viktig både for lærarar og elevar. Dei oppmodar alle lærarar om å bruke facebook i kommunikasjon med elevane.

Dei har oppretta superbrukargruppe der min. ein elev frå kvar klasse deltar.

Mobilskole er aktivt i bruk.

Skulen opplever at det går framover, at dei har eit system som fungerer. Dei ser effektiviseringsgevinst. Men det er viktig å vurdere kva som er tilstrekkeleg. Både lærarar og elevar må imøtekomme krav om «Minste felles multiplum», dvs. minimumsbruk av IKT.

Punkt C: Eleven sitt læringsutbytte og fullføring

Skulen har nedgang i frávær, både timar og dagar. Likevel har dei oppgang i tal på sluttarar.

Dei har lågare gjennomføring på påbygg enn elles i fylket. Dei har høg gjennomføring på PB4 (påbygg etter fagbrev), men dårlege resultat på ordinært påbygg.

Frå denne hausten har skulen kombinert søkjarar til ordinær påbygg og påbygg 4 i same klasse for å sjå om dette kan ha positiv innverknad på resultat. Skulen fekk midlar til forsterka undervisning i påbygg skuleåret 2014-15, men utan særleg betring i resultatet. Kom det for seint i gang? Vanskeleg å motivere elevane til ekstraundervisning utover ordinær skuledag.

Skulen må ha enda betre fokus på elevar som står i fare for å stryke/falle ut. Dei gjennomfører avklaringssamtalar, men nokre elevar får dei ikkje fatt i. Samarbeid med OT er blitt betre, har vore eit kapasitetsproblem. Generelt opplever skulen at to-læraropplegg i klassar er eit betre virkemiddel enn forsterka opplæring med fleire timar.

Elevene meinte at elevar som sluttar i vg1 for så å starte på nytt året etter, ofte kan vere forårsaka av manglande mogenheit. Saman med låg motivasjon og dårlege føresetnader for å ta på seg ansvar for å gjennomføre opplæringa, kan det gjere at 16-åringar sluttar i vg1 for så å starte på nytt neste år. Betre samarbeid ungdomsskule/vidaregåande skule er ein veg å gå. Det kan vere nyttig for elevar i 10.klasse å hospitere på vgs. Tilbodet frå Slåtthaug bør bli betre kjent. Rådgivarar på ungdomsskulen er viktige her.

Som nemnd tidlegare, satsar skulen på skulemiljø og trivsel for å skape tilhørigheit. Kroppsøving er eit viktig fag, mange som treng alternativt opplegg. Skulen jobbar med det.

Skulen har gode rutinar for oppfølging av fråvær, klare retningslinjer og ansvarsfordeling. Er eleven under 18 år, blir føresette kontakta.

Skulen skårar lågt på helsesøstertilbod. Har 20 % tilbod samt psykologteneste, som skulen deler med andre skular i regionene. Elevane ønskjer meir tilgjengelegheit.

I samband med satsing på klasseleiing er relasjonsbygging lærar-elev viktig.

Skulen har enno utfordringar på område som gjeld støtte frå lærarane/faglege utfordringar. All forskning viser at klare krav og forventningar til elevane fremjer god læring.

Lærarane følgjer kvarandre opp, alle har tilgang på PULS. Elevane følgjer opp med krav til lærarane.

Tilbod i studieverkstad har vore lite utbygd i dette skuleåret. Skulen finn det vanskeleg å parallellegge undervisninga i timeplanen.

Skulen har 57 elevar registrert med anna morsmål, men mange som har god norsk-kompetanse. Ca 16 elevar med språklege utfordringar. Nivået er sprikande, dei får tilbod om to-læraropplæring, særleg viktig ved opstart av skuleåret.

Elevmedverknad – fungerer bra med samarbeid skuleleiing-elevråd med månadlege møte. Elevane opplever at dei har ein god dialog og at dei får innverknad på undervisninga. Ei utfordring for repr. for elevrådet å vidareføre/spreie informasjon.

På slutten av skuleåret blir det arrangert samling om krav og forventningar, til lærarar og elevar.

Vurdering – Lærarane har framleis utfordringar med framovermeldingar til elevane. Dei er blitt betre, men dei har eit forbettringspotensiale. Lærarane må vurdere kva elevane forstår av tilbakemeldingar. Sjølvstøtt er det ei utfordring at lærarar og elevar både gir og mottar meldingar ulikt. Skulen kan jobbe vidare med dette, både i plenum og med elevrådet.

Tillitsvald hevda at fokus var feil, lærarane jobbar mykje med vurdering, elevane oppfattar ofte ikkje at dei får tilbakemelding.

D. Prosessen

Skulen opplever at dei har godt tak på prosessen, den startar opp i mars med utforming av hovudmål, så arbeidar skulen vidare i tverrfaglege grupper. Det kan vere ei utfordring å få alle tilsette/alle grupper med. Korleis kan dei synleggjere alle gruppene sin innverknad på skulemiljøet?

Skulen har eiga plangruppe som står for regien.

Skuleeigar peikar på at det er viktig å ta opp resultat jamleg i skuleåret, viktig for å skape kontinuitet og eigarskap på skulen.

Punkt E. Evaluering og oppsummering

Alle deltakarane meldte om godt utbytte av møtet. Nye deltakarar fekk betre innblikk i utviklingsarbeidet. Skulen opplever at dei har fått god utvikling på arbeidet på skulen, dei har lagt om møtестruktur. Dei vil aktivt bruke PULS. Ha meir fokus på sluttarane inneverande år.


Elevane ser oppgåver med å følgje opp saker i elevrådet, viktig å vere med å påverke.

Skuleeigar ser møtet som eit viktig ledd i dialogen med skulen der dei får informasjon og gode innspel. Alle er godt førebudd, som er ei naudsynt føresetnad for det gode møtet.

Nest år ønskjer seksjon skule eit fokus på arbeid med FYR.

Bergen 05.10.2015

Rektor Liv Rønning:.....



Regionleiar Annbjørg Laupsa:.....